

## GAIAS TÅRER

Mennesket er eit landdyr på ein vassklode. Over 70 % av jordoverflata er dekt av hav. Dei store havdjupa overgår dei store fjellkjedene. Undervassfartøy har i Stillehavet vore nede på 11000 meters djup. Kontinenta er øyer som beveger seg. Vi er alle øybuarar, og vi veit lite om den største delen av kloden.

Mennesket er ikkje ein audmjuk art. Historia syner at vi fundamentalt er krigarar, og klodens dominerande skadedyr.

Vi har i liten grad kunnskap om konsekvensane av våre valg. Dei takast ut frå kortsiktige utfordringar. Ingen av oss lever lenge nok til å være opptatte av samanhengar i eige ego-verd.

For rundt 40 år sidan fekk økobevisstheita namn. Briten James Lovelock hevda i sin Gaia-hypotese at Jorda oppfører seg som ein organisme. Amerikanaren Edward Lorenz var ein av pionerene bak Kaos-teorien der man diskuterte samanhengar i det som skjer i naturen. Han formulerte Sommerfugl-effekten: «Vengeslag frå ein sommerfugl i Brasil kan utløyse ein tornado i Texas». I våre dager diskuterast slike teorier seriøst eller useriøst medan vi undrar oss over kven som forsøplar våre hav. Det seiast at sydhavsparkadis løyser sitt søppelproblem ved å dumpe det langt til havs.

© FREDDIE LANGRIND 2019  
www.ordtoner.com > EPISTEL



J.E.G.  
Johanne Eline Gjengedal  
(1944-2010), min ektefelle

